



May Kjersti og Frode Stensletten med adresse Uskedalsvegen 444 har kjøpt garden Øvre Feet (biletet) på Døsslandsido av Hilda og Kåre Guddal, men dei har førebels ikkje fått konsesjon.

Rådmannen går no inn for at forvaltningskomiteen skal gje dei konsesjon. Saka skal opp i komiteen onsdag denne veka.

Vilkår for overtakinga er at paret flytter til bruket og bur der i minst 5 år og at dei tek del i fellestiltak i utmark for å driva skogen rasjonelt.

Bruket består av 42 dekar fulldyrka jord, 57 dekar innmarksbeite, 137 dekar produktiv skog og 40 dekar anna areal.

På bruket er det fleire hus: Våningshus, driftsbygning, stabbur, vedhus, garasje, eldhus og ein eldre garasje. Våningshus og driftsbygning er i god stand. Dei andre husa er av eldre dato, men i bra stand.

Paret vil flytte til bruket og halde det i hevd. I dag er det pakta bort og paret ynskjer å leige bort dyrkamarka.

Rådmannen peikar på at det i søknaden ikkje er skrive noko om kva planer dei to har med skogen. Den ligg inntil andre eigedomer i området og det vil vere trong for felles veg for å få ut skogen.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)